



Westland Hotel AS  
Kvalen 30  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1191 - 18/11403

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
10.04.2018

## Pålegg om installering av større fettutskiljar ved Westland Hotel - gbnr 108/102 - Lindås

Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkomande fettutskiljar ved Westland Hotel – gbnr 108/102 – Lindås. Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke framdriftsplan for installering av større utskiljaranlegg ved hotellet.

Årsrapport for utskiljaranlegg viser at anlegg, i sommerhalvåret, har for høg temperatur. Temperaturen er målt opp mot 33°C. Dette indikerer at anlegg, i perioder, ikkje fungerer. Optimal temperatur i anlegg ligger under 20°C. Denne temperaturen er viktig for at anlegg skal fungere optimalt. Ulike typer fett har ulikt smeltepunkt òg ulike eigenskaper. Ved blanding av ulike typer fett vil blandinga få nye eigenskaper.

Fett begynner å løyse seg opp ved temperatur rundt 20°C. Utskiljaranlegg vil få mindre reinsefunksjon for kvar grad temperaturen auker over dette. Ved temperatur rundt 30°C har anlegg ingen funksjon. For at anlegg skal stette krav til utslepp av fetthaldig avløpsvatn må temperatur i anlegg ligge under 20°C. Dersom temperatur ligg rundt 20-23°C vil vi krevje tiltak hos bedriften for å få ned temperatur i anlegg. Som oftes fører dette redusert produksjon ved kjøkkenet. Når anlegg har høgare temperatur enn 30°C, vil vi krevje utskifting av anlegg for at krav til utslepp av fetthaldig avløpsvatn skal stettast.

Westland hotel har installert eit midlertidig anlegg med nominell størrelse NS 5 med grunngjeving om at dei har er ei pågåande byggesak i samband med utviding av hotellet. Denne saka har no pågått i fleire år. Teknisk drift krev no at Westland hotel installerer eit permanent anlegg slik at fett ikkje vert ført ut på det kommunale nettet.

### Vedtak:

Teknisk drift sett nå ei frist for å få på plass nytt anlegg ved Westland Hotel - gbnr 108/102 Lindås.

Siste frist for å få på plass permanent anlegg ved Westland hotel vert sett til:

**Tysdag 11 september 2018**

Anlegg som installerast skal være godkjent av Teknisk drift før anlegg vert bestilt. Hotellet må ta kontakt med røyrleggar for innsending av registreringsmelding. Med registreringsmelding skal det leggest ved



berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg. Berekningsgrunnlag for både talet på måltider og for utstyr knytt på anlegg skal ligge føre.

Dersom anlegg ikkje er på plass innan utløp av denne frista, kan kommunen krevje at matproduksjon opphører inntil anlegg er på plass.

*Det er med heimel i forureingsforskrifta § 15 A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at vedtak om pålegg nå vert fatta. Vedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» har ingen klagerett. Handheving av reglementet reguleres av privatrettslege reglar og ansees difor ikkje som utøving av offenleg mynde.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Westland Hotel AS

Kvalen 30

5955

LINDÅS